

**Fra:** Katarina Birkeland  
**Sendt:** 31. oktober 2014 15:11  
**Til:** Bente Kopperdal Hervik  
**Emne:** VS: Støtte til lager til ungdomsklubben

---

**Fra:** Wenke Lund Larsen [Wenke.Larsen@hennig-olsen.no]  
**Sendt:** 31. oktober 2014 13:38  
**Til:** Katarina Birkeland  
**Emne:** SV: Støtte til lager til ungdomsklubben

Søknad er mottatt.

Blir behandlet i begynnelsen av november 2014

Mvh  
Wenke Larsen  
Postboks 432  
4664 Kristiansand  
Tlf 38 00 11 00  
Mail: [wenke.larsen@hennig-olsen.no](mailto:wenke.larsen@hennig-olsen.no)  
Web: [www.hennig-olsen.no](http://www.hennig-olsen.no)

---

**Fra:** Katarina Birkeland [<mailto:Katarina.Birkeland@radoy.kommune.no>]  
**Sendt:** 31. oktober 2014 00:02  
**Til:** Wenke Lund Larsen  
**Emne:** Støtte til lager til ungdomsklubben

Hei

På vegne av Radøy ungdomsklubb søker eg om tilskot frå Hennig Olsen til å få restaurert eit bygg som skal brukast til lagring av kanoar, kajakkar, redningsvestar og anna utstyr knytt til vannsportaktivitetar.

Radøy ungdomsklubb er ein aktiv ungdomsklubb som er open for alle ungdomar (13-19 år) i Radøy kommune. Klubben har faste klubbkveldar kvar veke kombinert med open hall i lokalet ved sidan av. I tillegg har dei med jamne mellomrom andre arrangement som filmkveldar, kurs, halloweenfest, dataparty, paintballturnering, sommarcamp m.m. Ungdomsklubben har også fleire undergrupper som f.eks. teatergruppe. Radøy ungdomsklubb er populær, og svært mange av ungdommane i kommunen er aktive i klubben. Me ser at tilbodet er viktig for ungdommane, og at dette tilbodet verkar førebyggjande.

Radøy ungdomsklubb vert drive av ungdommane i klubben ved hjelp av ein kommunalt tilsett ungdomskoordinator. Ungdomane er deltek som arrangørar i alle arrangement, og er også med og tar beslutningar som gjeld klubben. Tilbodet i Radøy ungdomsklubb er ein viktig grunn til at Radøy kommune vart kåra til årets barne- og ungdomskommune i 2014.

Radøy ungdomsklubb ynskjer no å utvida tilbodet innan fysisk aktivitet. Heilt konkret ynskjer me å gje eit tilbod innan vannsportaktivitetar som kajakk og kano. For å få dette til, må me først ha eit lokale me kan

oppbevara utstyrt i. Me har inngått ein leigeavtale med kommunen om eit bygg som står ved Nesvatnet, like ved ungdomsklubben. Dette bygget får me leiga vederlagsfritt mot at klubben set det i stand. Dette arbeidet skal gjerast på dugnad, men materialkostnadene vil koma på omlag 100.000 kroner. Etter at bygget er reist, vil me kjøpa inn utstyr som kajakkar, kanoar og redningsvestar.

Målet med dette prosjektet er å få fleire ungdomar fysisk aktive og gje eit utvida tilbodet til dei som allereie er det. Det er også eit mål i dete prosjektet å auka interessa for friluftsliv.

Radøy ungdomsklubb søker difor om tilskot frå Hennig Olsen til å få realisert dette prosjektet.

Håpar på positivt svar!

Med venleg helsing  
Katarina Birkeland  
Ungdomskoordinator